

Notat om nytt databasedesign (Segner på Vestlandet)

Dette notatet vender seg til Eldar Heide og andre interesserte medlemmer i forskingsgruppa Religion og livstolking ved HVL og til Kyrre Kverndokk, Hans-Jakob Ågotnes og Lise Grønstad ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, UiB som gjennom prosjektet SAMLA arbeider med digitalisering av norske tradisjonsarkiv.

Føremålet med notatet er å forklara rekonstruksjonen av grensesnittet til segndatabasen for å få fram potensialet som nettstaden gjev for analyse av temamangfaldet i segntekstar, og for å synleggjera samanhengar mellom slike tekstar.

«Segner på Vestlandet» er eit resultat av eit utviklingsprosjekt som strekkjer eg over ca. 25 år, og som har utgangspunktet sitt i lærarutdanninga på Stord. «Segner på Vestlandet» er pr. i dag eit tekstkorpus som omfattar om lag 2500 tekstar frå Rogaland til Møre. Noko av dette vil de nok kjenna til frå tidlegare presentasjonar.

1. Det er i utgangspunktet **eit pedagogisk prosjekt** som rettar seg mot lærarutdanninga i tillegg til barnehagar og skular på ulike nivå. (Norslæraren nr. 4 2019).
2. Prosjektet vender seg samstundes til eit breitt publikum med interesse for kultur og historie og er såleis også **eit kulturprosjekt**.
3. Gjennom utforskande og utprøvande bruk av IKT i publiseringsarbeidet, har «Segner på Vestlandet» også vore **eit IKT-prosjekt**.
4. Bruken av databaseverktøy har samstundes opna for fleire moglegheiter i tekstanalysearbeidet og for utforsking av samanhengar i tekstmaterialet, og såleis har prosjektet også fått karakter av **eit forskingsprosjekt**.

Det er punkt 3 og 4 dette notatet i hovudsak dreiar seg om.

Utgangspunkt: Eit database-design i samanbrot (2017)

Vår tidlegare database frå 1990-åra dekkja det geografiske området til HSH (Høgskulen Stord/Haugesund). Men som del av Høgskulen på Vestlandet i 2017 satsa me på å leggja inn segner frå heile Vestlandet. Då måtte me av fleire grunnar skrota den gamle database-designet. Det brukte teknologien rammer/frames som var på veg ut og på sikt knapt vil bli støtta i nettlesarar. Med ei mengde nye kommunar og stor auke i talet på segner, ville det ha gjeve heilt uhandterlege søkjelister og funnlistar. Men først og fremst var søkjevala for avgrensa.

Ein kan nytta ulike metaforar i omtalen av brukargrensesnittet mot databasen. Me kunne brukt «ovanfrå og ned» / «nednfrå og opp», men me vel heller «utanfrå og inn» / «innanfrå og ut». Med det gamle hsh-designet søkte ein inn i databasen utanfrå med kart og tre fiire søkjemål: stad og tre innhaldsskategoriar: mytiske segner, historiske segner og opphavssegner. Det var avgrensa søkjemåtar og tvilsame kategoriar som delvis overlappa kvarandre i anten/eller-søk.

Etter framlegg frå ein datakunnig utanfor HVL, Per Arne Flatberg, la me om designet til meir fleksible søkjemåtar med utgangspunkt i **segnoppslaga**. Segnoppslag er det ein får opp når ein klikkar på ein segntittel i ei funnliste. Det nye var at me i segnoppslaga la inn søkjesystem i form av søkjelenker, ofte med fleire etterfylgjande lenkedelar (=lenke-felt). Her skyt me inn at me generelt nyttar nemninga «felt» om klikkbare område i lenker.

Søkjelenkene i segnoppslaga let seg så søkja frå heimesida i **eit slags speglbilete** i søkjemåtane i listesøk, frisøk og stadsøk på heimesida. Det ytre grensesnittet byggjer altså på den indre analysen i søkjelenker i segnoppslaga.

Segnoppslaget får såleis ein grunnleggjande funksjon sidan søkjelenkene vert utvikla og utforma i segnoppslaga. Det er gjennom segnoppslaga analysearbeidet skjer. Analyse- og redigeringsarbeidet går føre seg i eit eige passordbunde administrativt grensesnitt inn mot databasen (Meir om det seinare).

I vårt gamle database-grensesnitt frå før 2017 søkte me frå heimesida og innover i tekstbasen og fekk i segnoppslaget opp segnteksten saman med nokre tilleggsopplysningar som ikkje var søkbare i oppslaget. Det same er tilfelle i NFS sin digitale katalog over vandresegner (https://www2.hf.uio.no/eventyr_og_sagn/index.php?askjema=1). Her får ein ut frå val mellom åtte søkjeinngangar opp segnoppslag med segnteksten saman med statiske tilleggsopplysningar om undersjanger, type/tittel osv.

Tematikken i segnene

Eitt av utgangspunkta våre er typekatalogen for vandresegner som Reidar Th. Christiansen utvikla. Han tilhørde «den finske skule» som hadde som mål å finna urforma til både eventyr og segner. Metoden Christiansen brukte, den såkalla historisk-geografisk metode, gjekk ut på å rekonstruera både urforma og vandringsvegane til segnene. Christiansen sorterte segnene i typar med spesifikke tema-namn i ein katalog over norske vandresegner, Migratory Legends, i 1958. Knut Liestøl og Svale Solheim førde dette arbeidet vidare

I katalogen over vandrerseger er det to undersjangrar:

- mytiske segner ml 3000. - ml 7020 - til saman 70 kategoriar
- historiske segner ml 7050 - ml 8025 - til saman 12 kategoriar.

Føreleddet ml- står for migratory legends, td. ml- 6045 Huldrehornet. Ei samling av vandresegner har i nyare tid vorte digitalisert og er å finna i Digital samling av eventyr og sagn som er nemnt ovanfor. Denne digitale ml-katalogen har til saman åtte søkje-inngangar: 1.sjangrar (eventyr eller segner), 2.undersjangar (naturmytiske segner eller historiske segner), 3. segntittel basert på hovudtema, 4.heimfesting (fylke), 5.heimfesting (kommune/stad), 6. samlar (nedskrivar) 7.informant (forteljar) og 8 årstal.

I «Segner på Vestlandet» er vandresegnene frå Vestlandet lagt inn som kopi frå den digitale ml-katalogen i eit eige felt kalla «Vandresegner ml-katalog» under hovudfeltet «tema», men det er ingen direkte link til den digitale NFS-samlinga.

Me har òg lagt inn fleire nye ml-segner som me har funne i diverse kjelder, men då har me opplyst om det med signaturen «ml-kategorisert av HVL». Desse segnene ligg ikkje i den digitale NFS-katalogen.

Systematikken i denne digitale katalogen er tufta på klare hovudtema i segnene. Det er til saman 82 ml-kategoriar i ml-katalogen med kvar sitt berande tema i fullsegner (heilskaplege fortejingar med innleiing, midtparti og avslutning). Berande tema gjev namn/tittel til kvar einskild ml-kategori som td. ml-6045 Huldrehorn.

I tillegg til segntitlane er det dessutan mange undertema, støttetema i segnene, men slike støttetema går ikkje systematisk inn i noko søkjesystem i den digitale NFS-katalogen.

Variantar av same segn

I ml-kategoriseringa har det vore grunnleggjande at dei 82 i ml-kategoriene i katalogen byggjer på hovudtema i heilskaplege og opphavlege segner. Ådlandshornet 2, ei huldrehorn-segn frå Stord, er ei slik heilstøypt segn som er med i den digitale NFS-katalogen: ml- Huldrehornet 6045:

Rid det are aa ikke vodlen harde.

En mand paa Stord kom i en skov sammen med underjordiske, som bød ham at drikke av et horn. Han vaaget ikke at sige nei og tok hornet. Men i stedet for at drikke slog han drikken ut bak sig og slog idetsamme paa hesten, saa den satte av sted alt hvad den kunde. Drikkehornet holdt han i haanden. De underjordiske, som ogsaa hadde hester, satte efter ham og det saa ut som om de vilde ta ham igjen. Men da han kom ut av skoven, hørte han en stemme som ropte til ham: "Rid det are og ikkje vodlen harde". Han gjorde saa, og da han kom ud paa akeren, kunde ikke de underjordiske følge ham længer, saa han slap bort med hornet.
(Kjeldetekst)

I «Segner på Vestlandet er det i vårt segnoppslag til «Ådlandshornet 2» analysert fram ei rekkje undertema/støttetema som td. «ri inn på åker», «tunskål», «tunvord

mot haugkall» og underforstått «opphavet til huldrehornet på garden» og fleire. Altså eit knippe med undertema.

¶

Det er reist motsegner mot dei spesifikke og reinskorne typenemningane i «Migratory Legends» 1958. Ei hovudinnvending har vore at ein kreativ forteljar når som helst kan endra på ei forteljing for å tilpassa den til eit nytt publikum. Mange segnvariantar fell på den måten utanfor typekatalogen over vandresegner.

Eit hovudsynspunkt har vore at på si vandring rundt i landet vart slike grunnsegner vatna ut og til dels blanda saman med tema frå andre grunnsegner. Dette er nok tilfelle i segnvarianten «Hovaneset 1» som i tillegg til mange undertema frå huldrehorn-segner, jfr Ådlnshornet 2, munnar ut i eit sprang-tema frå lokale segner. Den rømande rytteren rir ikkje inn på heimebøen, men let hesten byksa over eit sund. Sprangtema/hopptema er det ein del av i lokakle segner. Sprangtemaet i Hovanes-segna har sin bakgrunn i ein stor hestehov-liknande naturformasjon på Hovaneset. Med dette hovmerket kjem det inn ei anna opphavsforklaring enn i huldrehornsegna.

Slike blandingssegner er ikkje med i NFS-katalogen. I «Segner på Vestlandet» derimot er slike blandingsegner tekne med fordi dei kan reknast som fullgode segner i gjevne forteljesituasjonar. Me har derfor i mange høve valt å leggja inn fleire segnvariantar som kan gjenspeglar ulike forteljesituasjonar.

Dei vandresegnene frå den digitale NFS-databasen som me har teke med i vår segnbase, utgjer om lag 15 % av det utlagde segnmaterialet i «Segner på Vestlandet». Mange andre av segnoppslaga våre er for ein del kortversjonar av segner (segn-notisar/ditar) som td. mykje av det segn- og stadnamnstoffet som vart samla inn av skuleborn i 1930-40-åra. Men hovudtyngda av meir utførlege segntekstar i databasen er lokale segner om lokale personar, hendingar og naturformasjonar, henta frå ulike lokale og nasjonale kjelder og arkiv. Slik innsamling har vore eitt av hovudprosjekta våre. Her er det nok framleis mykje å gjera.

Eit mål for oss ha vore gjennom analyse å få fram det tema-repertoaret som femner om heile segnsamlinga «Segner på Vestlandet». I tillegg til titteltema inneber det ymse støttande tilleggstema og den vidsveimte tematikken i lokale segner knytt til hendingar, personar og naturformasjonar. Det gjev ei langt større spennvidde i tematikk enn det in finn i typekatalogen til Chritiansen.

I «Segner på Vestlandet» dreg me alle påviste tema inn som hierarkiske søkjelenker i segnoppslaga. Det er i arbeidet med slike søkjelenker at innhaldsanalysen går føre seg.

Utforminga av segnoppslaga

Segnoppslag er det ein får opp når ein opnar ein segntittel. I tillegg til sjølve segnteksten er det lagt inn ulike kategoriar av søkjeord i relevante søkjelenker. Desse søkjeorda byggjer på analyse av segntekstar. Dette utvida søkjesystemet i databasen har opna for heilt nye koplingar mellom segner. Ny teknologi og nytt datbasedesign gjev såleis tilgang til segner gjennom ei mengde koplingar i hierarkiske søkjelenker i segnoppslaga. I «Segner på Vestlandet» er såleis kvart einskild segnoppslag eit omfattande **basis-dokument**.

Gjennom ein utprøvande arbeidsmåte er det funne fram til ymse lekjer av søkjeord i segnbasen. Desse er på heimesida samla opp i **fem hovudfelt**: stad, aktør, tema, lokalitet og søkbar kjelde, og alle med fleire underordna lenkedelar.

Dei ulike søkjelenkene me utformar, er i hovudsak påviste i og henta ut av sjølve segntekstane. Analysearbeidet har gått ut på å utvikla og leggja inn lenker av søkjeord som er relevante for kvar einskild segn.

Segnoppslaget med segntekst og ymse søkjelenker kan utvidast ved å trykkja på den grønne knappen «Syn» nederst i segnoppslaget. Dette **ekstra oppslaget** gjev tilgang til den språklege utforminga i kjeldeteksten me brukar, stundom med nokre tilleggsopplysningar om kjeldene,

Dette lenkesystemet med si store spennvidde reknar me som eit hovudbidrag i segnpresentasjonen «Segner på Vestlandet».

Det hierarkiske lenkesystemet

Søkjelenkene i segnoppslaga er ein eigen søkjemåte

Klikkar ein på ein lenkedel (=felt) i lenkene, får ein opp ei funn-liste med alle segn-titlane som er underordna denne lenkedelen. I søkjelenkene i segnoppslaga vert *lenkedelar* hekta på kvarandre frå venstre til høgre: Under hovudfeltet «tema» kan ein få opp denne søkjelenka:

[Hendingar->-pest->-svartedauden->-gjenlevande finn kvarandre.](#)

Dette er her ei *hierarkisk ordna* søkjelenke **på ei line**. Trykkjer ein på lenkedelen «pest», får ein opp ei funn-liste med alle segntitlar som er hierarkisk underordna «pest». Eit trykk på lenkedelen «svartedauden» gjev ei mindre funn-liste med segner hierarkisk underordna «svartedauden» osv. Alle lenkedelane (=felte) opnar såleis stadig kortare funn-lister jo nærmare sluttdelen i søkjelenka ein kjem. Det er slik den hierarkiske i lenkeordninga kjem fram.

Med denne søkjemåten er det lett å få opp segner med liknande tema. Eit trykk på «pest» gjev segnoppslag med pestar av ymse slag.

Eit døme på søkjeval i hierarkiske søkjelenker i segn-oppslag«

Ei segn frå Lærdal

Stad:

Ljøsne (7)

Aktørar:

- personar-> - folk flest & grupper-> GARDSFOLK-> - budeie/stølsjente
- mytiske vesen->- landvette-typar->- underjordiske->- huldrefolk

Tema:

- Handlingar-> HOPEHAV: FOLK & VETTE->INN I/UT AV HAUG/->FOLK INN I HAUG ->- gjest i haug/huldreheim
- Handlingar-> HOPEHAV: FOLK & VETTE-> UGREITT HOPEHAV->- folk får val: krenkja eller føya vette
- Handlingar-> HOPEHAV: FOLK & VETTE-> UGREITT HOPEHAV->- folk avviser/unngår vette
->- avviser tilbod om mat/drykk
- Hendingar->- lagnader: ->- medgang - motgang->- kvar sin lagnad: ulike grunnar->- løn/straff
- Handlingar-> MAGI-HANDLINGAR-> TABU-MAGI->TABU-HANDLINGAR->- ta mot huldremat/drikk
- Handlingar-> MAGI-HANDLINGAR->SPÅ / SPÅDOM->- spår lagnader: kropp/sinn->- krøplingar/sjuk i mange ættledd
- Handlingar-> HOPEHAV: FOLK & VETTE->NÆRSØKNE HULDRER ->- huldrejente lokkar på ymse vis->- tilbyr mat/drykk

Lokalitet:

Kulturformasjonar->- MAKTGRENSER: passasjar->- DØRER/INNGANGAR-> - vette-inngangar->- dør i huldrehaug

Søkbar kjelde:

- Personar->Informant->Skogen, Knut Ivarson
- Personar->NEDSKRIVAR/samlar->Røberg, Torbjørn
- SAMLINGAR->B: Private samlingar/hefte->Røberg-samlinga (1994/95/98)

Kjeldeopplysningar: **Syn**

Fast adresse:

Rediger

Lagre

Listesøk på heimesida er ein viktig søkjemåte som byggjer direkte på det hierarkiske søkjelenkene i segnoppslaga, men med *stegvise søk med knapp pluss/minus*. Hierarkiet kjem gjennom knapp-ikonet «listesøk» på heimesida fram visuelt som **line under line**. Pluss-knappen opnar opp den nærmast hierarkisk underordna lenkedelen (=feltet) og *ikkje ei funnliste med segntitlar*.

Som eit døme vert søkjefeltet «Livsritual: livssteg» opna med åtte underordna felt (=lenkedelar) så som «barsel: folk», «barsel: hulder», «bryllaup på ymse vis» osv. Det er berre den *siste underordna lenkedelen som opnar opp funnliste med segntitlar*.

Dette stegvise søkjesystemet finst berre i «liste-søk» på heimesida, og det gjer «listesøk» til ein oversiktleg søkjemåte via pluss/minusknappen.

Klikkar ein derimot på **blå lenker** i «Listesøk», får ein direkte opp ustrukturerte funnlister med alle segntitlane i lenka.

Frisøk (med raud lupe-ikon i menylinja) byggjer òg på dei hierarkiske søkjelenkene i segn-oppslaga. Skriv ein inn td. ordet «heks» i «aktørfeltet», får ein opp ei liste med alle segntitlar der «heks» er aktør. Men skriv ein inn «heks» i «tema-feltet», får ein dei lenkene i temafeltet som inneheld ordet heks, td. «heks siglar på kvernstein.

Frisøk er spesielt nyttig i stadfeltet, aktørfeltet og kjeldefeltet, der ein meir veit kva ein søker etter.

Kartsøk

Kartsøk var den fyrste søkjemåten me oppretta. Det er ein søkjemåte som byggjer på søkjefelt i kart så som kartfeltet Kvinnherad. Eit trykk på det kartfeltet opnar opp ei funnliste med segnene i den kommunen. Kartsøk verkar ikkje på mobiltelefonar fordi skjermen er for liten.

Visingskart

Søkjemåtar som endar opp i funnlister med segntitlar, er representert med ikonet «funn» i menylinja. Det kan der koplast vidare til eit funnkart i fargar som syner kva kommune segnene er knytte til. Dette er ikkje eit søkjekart, men eit visingskart. Ulike fargar syner spreinga og talet på segner.

Rekkefylgja av lenkedelar i søkjelenke

Eit hovudmål for oss har vore å laga lenker som gjev meining ved at lenkedelane i søkjelenkene er ordna på ein ryddig og hierarkisk måte. Eit hovudprinsipp har vore å gå frå meir allmenne kategoriar til meir speifikke som t.d. heilskap > del, eller årsak > fylgje.

For oss har det ikkje vore om å gjera å gje alle lenkedelane kategori-status. I mange høve kan det vera vel så fornuftig å kalla lenkedelar i enden på lenkene for dømesamlingar, referansesamlingar. I vår analyse er det her litt flytande overgangar,

FEM HOVUDFELTA I SEGN-BASEN

Hovudfeltet «**STAD**»

Stadfeltet syner tilvisingar til stader med tidlegare fylke på Vestlandet på øvste nivå. Sjølv om Hordaland fylke i dag er slått saman med Sogn og Fjordane fylke, held me fast på dei gamle fylkesgrensene også med sine underinndeling i fogderi eller andre tradisjonelle underinndelingar som Sunnmøre, Romsdal, Nordmøre.

Me har òg teke vare på gamle kommunenamn frå 1964 fordi mange innsamla segner er knytte til eldre kommunenamn. I 2021 fekk me fleire storkommunar som td. Bjørnafjord kommune. Dei tidlegare kommunane Os og Fusa er i kommunesøk relatert til det overordna nye kommunenamnet «Bjørnafjorden nye kommune». Me har i fleire høve lagt inn slike nye overordna komunar i søkjefeltet. Under kommunane er det lagt inn mindre stader eller grender som er nemnde i segnttekster, så som «Rydland» i Fitjar kommune.

I somme segner, særleg dei som er samla inn av skuleborn, kan det òg vera nemnt gardsnamn og gardnummer. Slike namn har me lagt til i «kjeldeteksten» i ekstrarfeltet under den grøne knappen: Syn. Eit døme er gardsnamnet Nordfonn i Fitjar i samlinga «Stadnamn oppskrivne av skuleborn, 1931: Nordisk institutt, UiB». I feltet kjeldeopplysningar kan det òg vera meir presise tilvisingar til kjelde som td. «NFS: Delgobe I s. 18».

Hovudfeltet «**AKTØR**» med underordna lenkefelt:

- personar
- mytiske vesen
- religiøse figurar

Aktør-feltet er i eit nytt søkjefelt samanlikna med den digitale ml-katalogen (uio). Det er eit etter måten oversiktleg og hierakisk søkjesystem som byggjer på funn i segn-tekstane. I visse høve har det rett nok vore vrient å finna passande overordna nemningar. Det gjeld td. vette-nemninga som me brukar som overordna fellesnemning for gjenferd, huldrefolk, troll, reier mm.

Dei meir demografiske oversyna i underfeltet/feltdelen «personar» i hovudfeltet «aktørar» er kanskje vel detaljerte, særleg underfeltet/feltdelen «folk flest & grupper» Men trass alt kan slike detalj-nemningar gje nyttige opplysningar som td. om slektskap mellom aktørar

Eit problem har det òg vore at det er ein del forvekslingar av vette-aktørar i nokre segner. Nemningar som fanden, troll og huldrefolk vert i somme segner brukte om

ein annan på ein «uryddig» måte. Det har me løyst ved å nemna dei avvikande nemningane i akltørfeltet, men òg føra opp den «rette» aktørenemninga.

Hovudfeltet «**TEMA**» med underordna lenkefelt

- handlingar,
- hendingar,
- opphavsforklaringar.
- ml-segner med 82 kategoriar

Dei tre første underfelta er romslege kategoriar, men ikkje alltid i heilt reinskorne inndelingar.

Bak «handlingar» ligg meir viljestyrte handlingar, medan det bak «hendingar» ligg ei førestilling om noko meir tilfeldig og vilkårstyrt. Stundom kan det i «hendingar» også liggja former for medvitne handlingar som td. at ein dreg ut på fiske i trugande vêr. Trass i uklare grensegangar her meiner me at skiljet mellom «handlingar» og «hendingar» let seg gjera å bruka

«Opphavsforklaringar» er ein sentral innhaldskategori i mange segner. At ein stein vert flytta av eit troll, kan reknast som *aktørhandling*, men at ein stein vert flytta, kan òg kategoriserast som *landskapsforklaring*, altså ei opphavsforklaring. Det eine valet utelukkar altså ikkje det andre.

Lenke-feltet «vandresegner ml-katalog» er i hovudsak kopiar frå ml-katalogen Digital samling (uio).

Underordna lenke-felt i søkjefeltet «Handlingar»

1. hopehav mellom folk
2. hopehav mellom folk og vette
3. hopehav mellom vette
4. magihandlingar
5. årsritual
6. livsritual
7. spesielle aktørar: det dei gjer

Både søkjefeltet «handlingar» og «hendingar» inneber jo at det skjer noko. I «handlingar» ligg det at det er nokon som utfører ei handling meir eller mindre med vilje. I «hendingar» er det ikkje noko handlande subjekt: det berre skjer noko av meir eller mindre løynde årsaker, ofte naturkrefter.

Dei ulike lenke-felta under «handlingar» rommar ulike vinklingar på handlingskategorien.

Dei tre første lenke-felta syner *sosialt hopehav* i ulike fasongar:

1 «hopehav mellom folk» er det mykje av i mange lokale segner.

2. «kommunikasjon mellom folk og vette» er det normale i alle segner med mytiske aktørar av ymse slag.

3. «innbyrdes hopehav mellom vette». Troll har mykje med kvarandre å gjera anten som vener eller fiendar. I visse tilfelle kan andre vette vera innbyrdes i strid.

Felt 4 «magiske handlingar» er eit omfattande lenke-felt med inngangar til mangslags magi. Det er eit nytt og viktig søkjefelt inn i det paranormale/overnaturlege i mange segner. Dei ulike magi-kategoriane er, slik me ser det, henta fram i analysar av segnene. Systemet er såleis bygd opp innifrå og ikkje lagt inn etter noko teoretisk førehands-skjema.

Felt 5 «årsritual» og felt 6 «livsritual» har tidsforløp som fellesnemnar. «Årsritual» er knytt til reint kronologisk hendingsforløp i tidspunkt og årstal, medan «livsritual» dreiar seg om avgjerande ritual og overgangar i livet. Dei to felta handlar såleis om to ulike slags tidsforløp.

Det ymse aktørar gjer, finn ein normalt fram til i hovudfelta «tema» og «lokalitet» via hovudfeltet «aktørar». Klikkar ein td. på «fagd/fut» i aktørfeltet , får du fram gjennom «tema-lenka» eller «lokalitets-lenka» kva denne aktøren gjer (=agens), eller kva som skjer med aktøren (=patiens): td. «fut forvaltar vrakgods», «hat-ritual: futavarp».

«Det spesielle aktørar gjer» i felt sju er ein særeigen kategori av gjermål. Først og fremst dreiar det seg om det dyr og fuglar gjer. Me har dessutan teke med nokre spesielle handlingsutøvarar knytt til noko overnaturleg eller paranormalt så som heks, fanden, magi-utøvar, eller gudommeleg inngrep.

Underordna lenkefelt i søkjefeltet «hendingar»

Eit kjennemerke på søkjefeltet «hendingar» er at det vanskeleg let seg peika ut nokon viljestyrd aktør bak noko som berre skjer. Handlingskategorien deler me vidare inn i ni underfelt:

1. lagnader
2. pest
3. merkeår
4. ymse varsel
5. ras/skred/smell
6. verknder av dagsljøs
7. ymse vêr
8. magisk tidpunkt
9. magisk vêr/stemning,

Desse ni underfelte byggjer djupast sett på formuleringar i segntekstane, men me har i mange høve samla dei i meir generelle formuleringar. Me brukar td. ordet «lagnader» i «felt 1». Ordet lagnad er nok ikkje uttrykkeleg nemnt i teksten. Det er heller ei samlenemning me nyttar på hendingar som me intuitivt tolkar som lagnad. Slike samlande overordna generaliseringar er det mange av lenke-systematikken slik som mellom anna i alle dei ni underordna lenkedelane under hovudfeltet «Hendingar»

I sluttdelen (=sluttfeltet) i søkjelenkene hentar me helst formuleringar meir direkte frå segnene, som td. «-dyrepiss i huldrestova», men av og til tyr me også her til omskrivingar som «troll/vette går i stein/sprekk». Det er ei samankriving av fleire nokså like formuleringar i segntekstar. Direkte sitat av formuleringar, eller meir samlande sitatformuleringar gjer referansane meir levande og spennande, meiner me. Me kjem slik meir beinveges inn i segnene.

Rekkefylgja som lenkedelane 1-9 ovanfor er ordna i, er ikkje heilt tilfeldig. Dei fire første lenkedelane kan innebera ei viss form for handling. Hendingskategorien «lagnader, pest og merkeår» td. kan skuldast utførte handlingar som td. å dra ut på fiske i dårleg vêr. Såleis kan hendingar også innehalda element av handling.

Underfelte 5-8 er på ulike måtar knytt til naturens gang.

«Ymse varsel» kan vera tvitydige. Dei varsel me tek med i feltet «ymse varsel» ovanfor, er meir eller mindre tilfeldige og med uklart opphav. Men nemninga kan innebera ein handlande agent som når eit dyr, fugl eller menneske varslar eller melder frå om noko. Denne typen agentborne varsel har me lagt inn som eit eige felt i kategorien Hopehav: folk & vette: Varslar/åtvarer/vekkjer.

Opphavsforklaringar under hovudfeltet «Tema» i «listesøk»

Mange segner har som eit vesentleg innslag å forklara opphavet til gjenstander, dugleikar, landskapsformer mm. Søkje-feltet «opphavsforklaringar» gjev såleis nye søkjemåtar. Slik ser feltet opphavsforklaringar ut i «listesøk» på heimesida

- **Opphavsforklaringar (7) (626 segner)**
 - ⊕ - **opphavet til ferdigheit/tame//kunnskap (2) (31 segner)**
 - ⊕ - **terrengforklaringar (8) (172 segner)**
 - ⊕ - **forklaring på naturtilstand (2) (10 segner)**
 - ⊕ - **gjenstandar/dyr: Kvar dei kjem frå (17) (47 segner)**
 - ⊕ - **noko vert til (3) (5 segner)**
 - ⊕ - **opphav til varp (5) (11 segner)**
 - ⊕ - **typar av namneforklaring (18) (350 segner)**

Hovudfeltet «**LOKALITETAR**»

Hovudfeltet «lokalitetar» er ei slags utviding av heimfestingskategorien «stad» Det kan vera søkjefeltet *naturformasjonar* med tilvisingar til haug, stein, urd mm. Slike opplysningar tener til å plassera segner tydlegare i landskapet.

Eller det kan vera *kulturformasjonar* som er kulturelle bruksområde i landskap og heimeområde på gard, i grend og by.

«Lokalitetar» er jo i grunnen innhaldsreferansar knytt til stader. Det kan vera plasseringar, vandringar eller inngangar knytt tii topos/stad i vid meining.

I segnene er det mange slags rørsler mellom lokalitetar. Det kan vera reiser eller reisemåtar på hest eller i båt frå stad til stad, reiseoppdrag, eller ulike opphaldsstader undervegs. Alt dette har me lagt inn i hovufeltet «lokalitetar». Når me gjer det slik, omtolkar me hovudfeltet «lokalitetar» og gjev det status som tema i vidare meining. Me kunne godt ha kalla det lokalitets-tema.

Ein spennande innfallsvinkel i søkjefeltet «lokalitetar» er lenkedelen (= feltet) «*maktgrenser: passasjar*». Det er grenser mellom maktområde for vette og menneske i form av dører, gardgrenser, passasjar i urder og andre naturformasjonar. Vette har makt utanfor gardgrenser og dører, medan folk har makt innanfor. Omvendt har vette makt innan for vetteinngangar, men ikkje utanfor. Ymse passasjar mellom område dreiar seg såleis om å tapa og vinna makt. Det kan stundom vera brå scenskifte mellom menneskverda og vetteverda, gjennom det me kan kalla passasjar. Det kan mellom anna vera små hol eller ringar som forsvinningspunkt, eller som kikkehol inn i vetteheimar. Hovudfeltet «lokalitetar» med sine underfelt gjev såleis segner eit vidt tolkingspotensial.

Under feltet «spesifikke/særeigne tilvisingar» samlar opp tilvisingar frå fleire søkjefelt. Eit døme er «klokker» som er eit temaord i mange søkjefelt som i magifeltet «ringja med kyrkjeklokker», eller i opphavsfeltet «Kvar kjem dei frå». Det kan vera nyttig å ha eit slikt oppsamlingsfelt. Det er lagt under hovudfeltet «Lokalitetar» fordi det deiar seg om ting som jo kan reknast som ei form for lokalitet.

Slik ser hovudfeltet «Lokalitetar» ut i søkjemåten «listesøk på heimesida

- Lokalitetar
 - Kulturformasjonar (9) (2633 segner)
 - - MAKTGRENSER: passasjar (12) (388 segner)
 - - MINNESMERKE (8) (90 segner)
 - -TILHALDSSTADER: folk & vette (7) (743 segner)
 - HELSEBOT: stad/vasskjelde (3) (9 segner)
 - KYRKJE/ gudshus/haug. (52) (133 segner)
 - NORRØNE skipnader: kultplass/hov/ting (5) (5 segner)
 - NÆRINGSOMRÅDE/DRIFTSFORMER (17) (124 segner)
 - SPESIELLE MAKTPOSIJONAR (5) (57 segner)
 - SPESIFIKKE /SÆREIGNE TILVISINGAR (87) (1084 segner)
 - Mellom lokalitetar/stader (2) (588 segner)
 - Langs vegar (18) (174 segner)
 - Reisa/frakta (3) (414 segner)
 - Naturformasjonar (7) (826 segner)
 - Avstikkande steinart/geologi (3 segner)
 - Steinformer (9) (195 segner)
 - Steinplassering (7) (20 segner)
 - Terrengformer (12) (356 segner)
 - Vatn (7) (143 segner)
 - Vatn og landformer (6) (77 segner)
 - Vegetasjon: planter /tre (10) (32 segner)

Hovudfeltet «SØKBARE KJELDER»

Kjelder er eit eige hovudfelt. Me har lagt stor vekt på å ha gode kjeldetilvisingar i segnoppslaga. Det er eit søkbart hovudfelt med tre underfelt med tilvisingar

1. til kjeldetekstar,
2. til heimelsfolk/informantar og
3. til samlarar/ nedskrivarar.

Desse søkbare kjeldefelta har eit liknande system i den digitale NFS-katalogen ved at ein kan velja i lange lister av informantar og nedskrivningar. Skilnaden er at ein i Frissøk i segner-basen får beinveges treff ved å skrive eit bestemt i namn inn i Frisøk via den raude menyknappen. Kjenner ein informant-namnet, er dette ein snarveg.

Om implementeringa av den nye segnbasen

1990 - 2017: Frå manuell til dynamisk kopling

I startfasen hadde me eit basedesign med svært avgrensa val med fastlåste lenker mellom segnene: geografisk knytt til landsdalar og kommunar, eller knytt til nokre få hovudtrema som mytisk segn, historisk segn eller opphavssegn. Undervegs gjekk me over frå tidkrevjande manuell kopling til meir lettvinnt dynamisk lenking. Denne søkjemåten var likevel ei slags vidfareføring av holkort-liknande søk.

2017 - 23 : Nytt basedesign ved Per Arne Flatberg

Eit meir avansert og utbygd søkjesystem i databasen gjorde det mogleg med heilt nye koplingar i lenker og mellom segnoppslaga. Den nye database-utforminga opna såleis for nye tenkjemåtar i tema-analysen.

Sjølve databasen er utforma med opne teknologiar: MySQL/MariaDB. Grensesnittet er laga i PHP og genererer standardkompatibel HTML5, CSS3 og Javascript. Interaksjonsdesignet vert utført i all hovudsak med JavaScript og jQuery

Dette er reiskapane. Sjølve utforminga av innhaldet kom litt om senn. Først vart søkjefeltet «stad» implementert med kartsøk. Dette er ein lettvinnt inngang til segnene. Heimfestinga av segnene var såleis - i utgangspunktet- det viktigaste søkjefeltet.

I tillegg la me inn dei andre hovudsøkjefelta, først som blanke ark, tome felt: aktør, tema, søkbare kjelder og lokalitetar. Desse felte vart etter kvar knytte til segner ved å leggja inn i hierarkiske lenker i segnoppslaga. I konstruksjonen av lenker måtte me prøva oss fram og vera opne for omformingar. Det galdt å setja inn passande nemningar på delane i lenkene som td. «hopehav: folk & vette» under overfeltet «handlingar». Formuleringane måtte vera korte og saksvarande.

I dag er det etter måten lett å leggja inn søkjelenker i segnoppslag i ny-innlagde segner sidan dei fleste lenkene er ferdig konstruerte. Men sjølvsagt kan ein leggja inn nye lenker eller endra på lenker som alt er etablerte.

Undevogs vart det gjort fleire omfattande og tidkrevjande omredigeringar. Ei stor endring gjorde me då me la tema om reiser til hovudfeltet «lokalitetar. Det hadde lege som underfelt til hovudfeltet tema. Reiser er jo rørsler mellom lokalitetar og let seg derfor tematisk lett innordna i hovudfeltet «lokalitetar». Reisemåtar og reiseoppdrag fylgjer då naturleg med på lasset. Når me gjer dette, omtolkar me lokalitetfeltet og gjev det meir status som tema i vidare meining. Me kunne godt ha kalla det lokalitetstema.

Det er fleire viktige funn me har framheva i **profilerte felt**. Det gjeld i særleg grad dei søkjefelta som er knytte til paranormale innslag i segner.

temafeltet «magihandlingar»

temafeltet «nærværsmåtar»

lokalitetsfeltet «maktgrenser: passasjar»

Dette er profileringar som samlar opp beslekta observasjonar av noko paranormalt. I segnene har me registrert eit vidt spektrum av magiske handlingar og ritual. Desse har me samla opp og systematisert i eit eige felt «magihandlingar» med mange underfelt. Dette feltet kan sikkert gjerast enda stammare.

Vettene kan gje seg til kjenne ved å syna seg, eller gjera seg usynleg, på paranormalt vis, og stundom ved berre å la seg høyra i tale, rop eller arbeidslydar. Slike observasjonar i segnene knyter me i segnoppslaga til eit eige lenkefelt som me kallar «nærværsmåtar». Denne profileringa har fått ein framstående plass i søkjelenkene.

«Maktgrenser: passasjar» i hovudfeltet «lokalitetar» er eit svært sentralt tema i mange segner både med folk som aktørar og folk i samhandling med vette. Grensene mellom maktområda kan vera nokså ulike som td. «nøkkelhol» eller «dørøpningar» i berg. Me har valt å framheva dette temaet fordi det går att i ei eller anna form i mange segner.

Haldningar til paranormale innslag

Nemninga paranormalt vil seia at noko ligg på sida eller utanfor det normale og forklarlege. I «Segner på Vestlandert har me valt å framheva og profilera det paranormale som jo er eit vesentleg innslag av i segntradisjonen.

Innsamling og analyser av segner var på 1800-talet nasjonsbyggjande prosjekt, ikkje berre i Noreg, men i mange europeiske land. Det var tale om nasjonal og lokal kulturarv.

I barnehage og grunnskule har me prøvd å føra denne kulturarven vidare i det pedagogisk prosjektet «Kulturstien». Der nytta me mellom anna lokale segner som ei form for heimstadlære i barnehage og skule. Barn let seg fjetra av paranormale tilburdar som når troll i sinne kastar stein, eit narrativ som me òg kan tolka som ei opphavsforklaring på kvifor ein stein ligg der han ligg.

Segner med magisk og anna paranormalt innhald har vore tolka som overtru og dermed gamaldags og avleggs fordi dei representerer ein førvitskapleg tenkjemåte. Segner har derfor vore motarbeidd frå fleire hald: Representantar frå opplysningstida sette fornufta over gamal folketru og religion. Lekmannsrørsla såg på segner som overtru. Det er også i dag mange som frå ein rasjonell synsstad har lite til overs segntradisjonen.

Folkeminnegranskaren Svale Solheim såg det slik at segner med overnaturleg innhald hadde ein rasjonell funksjon i det gamle bondesamfunnet ved at dei kunne halda orden på hopehavet i samfunnet. Braut ein reglar for td. bruk av beite ved å vera for lenge på setera, heldt huldrefolket orden på det ved å stagga folk. Det var derfor fornuftig å følgja gamal sed og skikk. Det er dette Solheim kallar *materialistisk funksjonalisme*. Ein slik tankegang ligg truleg bak grepet ein kunne ty til for å skremma med nøkken for å haldan barn borte frå farleg vatn. Men magiske tenkjemåtar har etterkvart vunne innpass i litteratur, film og dataspel som *magisk realisme* på ulike vis. Så kanskje er det ikkje så avveges for oss å setja meir fokus på det rike repertoaret av paranormale skildringar i segnene. Alt kan ikkje avvisast som berre innbiling og fantasi, for det magiske og fantastiske kan jo vera ein del av vår *opplevingsrøyndom*.

Tillegg om ulike grensesnitt

Nettstaden på Vestlandet har **fleire grensesnitt** inn mot segnoppslaga.

Søkjegransesnittet er tilgjengeleg for alle via heimesida.

Men med passord kan ein i **eit administrativt grensesnitt** leggja inn nye lenker i segnoppslaga. Det kan gjerast ved å kopla seg inn på etablerte lenker med søkjeord. Skriv td. inn «heks « i aktør-feltet, dukkar heile aktørtenka opp fordi ho allereie er etablert. Det er nok litt meir omstendleg å skapa nye lenkjer. Men førebels nok om dette.

Men skal ein redigera eller gjera omskrivingar i lenkedelane, må ein nytta eit anna **passordbunde redigerings-grensesnitt** som ser slik ut:

Aktører	• ⊕ Handlingar (7)
Lokalitetar	• ⊕ Hendingar (9)
Tema	• ⊖ Opphavsforklaringar (7)
Stader	◦ ⊖ - opphavet til ferdigheit/tame//kunnskap (2)
Media	▪ - læra song/felespel av fossegrim/ hulder/nøkk i 21 segn.
Kjelder	▪ - lært magi av Fanden (Wittenberg- skulen) i 10 segn.
Filer	◦ ⊕ - terrengforklaringar (8) i 5 segn.
Artiklar	◦ ⊕ - forklaring på naturtilstand (2)
	◦ ⊕ - gjenstandar/dyr: Kvar dei kjem frå (17) i 1 segn.
	◦ ⊕ - noko vert til (3)
	◦ ⊕ - opphav til varp (5)
	◦ ⊕ - typar av namneforklaring (18)
	• ⊕ Syn på segn (7)
	• ⊕ Vandresegner ML-katalog (71)

Dette grensenettet minner jo om «listesøk», men her kan ein ved å klikka på «blyanten» redigera og omskriva lenketekstane. Endrar ein på ei lenke, får ein opp eit arkiv-/lagringsikon. Eit klikk på det sikrar endringa.

Med passordtilgang kan ein leggja inn nye segner, bilete eller talesnuttar. Me inviterer fleire til å setja seg inn i dette!

PS. Databasen treng ein del reinsing både språkleg og tematisk. Dei tematiske lenkene er blitt til litt om senn. Derfor kan det i søkjelenkene i ein del segnoppslag vera manglar og feil. Det får ein bera over med inntil vidare.

Bjørn Bjørlykke

Nils Tore Gram Økland

